



Fjell kommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
N-0032 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2009/2954 - 23927/2009	Ellen Margrethe Hansen - 55 09 72 41	27.11.2009

Høyringsuttale til NOU 2009: 18, Rett til læring

Fjell kommune ved Komité for drift har i møte 10.11.2009 samrøystes vedteke følgjande høyringsuttale til NOU 2009:18 Rett til læring:

Midtlyngutvalet har i denne NOU'en gjort ei omfattande utgreiing og analyse av det spesialpedagogiske feltet. Fjell kommune oppfattar ein del av tiltaka som positive, men er usikre på om tiltaka er sterke nok til å endre utviklinga i ønskt retning. Vi vil kommentere nokre av tiltaka som utvalet legg fram.

Kapittel 13 Tidlig innsats og forebygging (s 154)

Vi støtter utvalet i at dette er eit særst viktig område å satse på. I Fjell kommune har vi over fleire år hatt ei betydeleg satsing på barn og unge, gjennom ei storstilt satsing på kvalitet i både barnehagane og skulane, samt ei eigen tverrfagleg og koordinert satsing på psykisk helse hos barn og unge. Mellom anna har kommunen oppretta ei eiga rettleiarteneste for barnehagane, tilsett 3 kommunepsykologar som skal jobbe mot barn og unge, og etablert programmet Zippy's venner i alle dei kommunale barneskulane i kommunen. PP-tenesta har vore ein sentral aktør i satsinga på barn og unge, og i Fjell kommune er PP-tenesta ei sterk og tverrfagleg teneste som også har blitt styrka dei siste åra.

I lys av denne viktige koplinga mellom læring og psykisk helse, saknar Fjell kommune eit tydelegare fokus på psykisk helse i skole og barnehage frå Midtlyngutvalet. Vi finn ikkje tiltak retta konkret mot dette området, og skulle ønskje at utvalet la fram tiltak knytt til psykisk helse på same måte som dei gjer på språkområdet.

Avsnitt 13.3 Læringsboka: et felles verktøy for tidlig innsats (s 158)

Fjell kommune er opptatt av korleis vi skal sikre kvalitet i vurderingsarbeidet. Dette er eit tema det vert arbeida mykje med både lokalt og sentralt. Når Midtlyngutvalet tilrår å innføre læringsboka, kan det vere eit aktuelt hjelpemiddel i dette arbeidet, men vi finn det rimeleg å bruke meir tid før ein konkluderar med korleis dette arbeidet skal skje. Vi

finn det også rimeleg å knytte dette punktet til avsnitt 13.5 Systematisering og forenkling, som legg føringar på mindre byråkrati for lærarane, noko Fjell kommune støtter.

Kapittel 14 Rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa (s 162)

I dette kapitlet drøftar utvalet aktuelle grep som både skal sikre og betre elevane si rettslege og reelle hjelp når dei treng det, samstundes som ein har mål om å redusere PP-tenesta sitt arbeid som sakkunnig instans.

Vi saknar generelt ei grundigare drøfting av omgrepet ”tilfredstillande utbyte”.

Omgrepet viser innslagspunktet for PP-tenesta si skjønnsvurdering av spesialundervisning og er difor det mest avgjerande omgrepet i drøftinga av kva for omfang spesialundervisninga skal ha i norsk skule. Omgrepet viser at behovet for spesialundervisning har samanheng både med eigenskapar ved eleven og tilhøve i skulen. Sjølv om det er viktig å nytte dette som ramme for forståing av spesialundervisning er vår erfaring både frå skuleeigarnivå, skulenivå og PPT-nivå at omgrepet gjer skjønsspørsmålet vanskeleg og i liten grad bidrar til ei felles forståing av Opplæringslova §5-1.

Midtlyngutvalet viser i sin dokumentasjon at omfanget av spesialundervisning varierer mykje meir enn forventta mellom kommunane og mellom skulane. Fjell kommune kan ikkje sjå at tiltaka i NOU'en er tilstrekkelege til å løyse denne utfordringa og vil difor foreslå grep for at innslagspunktet skal bli tydelegare og mindre variabelt frå kommune til kommune.

Utvalet tilrår ei avgrensing der nokre elevar skal ha sakkunnig vurdering mens andre elevar ikkje treng ei sakkunnig vurdering. Denne inndelinga finn vi teneleg, men vår tilråding er at ein bør avgrense retten til spesialundervisning til den første gruppa, dei som treng vesentlege avvik i høve opplæringsmåla. Vi vil såleis tilrå at ”tilfredsstillande utbyte” vert bytta ut med ”behov for avvik i høve opplæringsmåla”.

Det er stor semje om at vi i Fjell kommune må arbeide for å kome tidleg inn med tiltak for elevar som strevar med grunnleggande læring dei første skuleåra. Vi meiner denne styrkinga ikkje må bli definert som spesialundervisning. Kommunen og skulane må gjennom sin ressursbruk sikre at det er tilstrekkeleg med vaksne og tilstrekkeleg kompetanse dei første skuleåra.

Generelt meiner Fjell kommune at ein del av dei elevane som kan følgje ordinær opplæring i den forstand at dei ikkje må ha alternative opplæringsmål, også kan ha behov for ei utvida differensiering av undervisninga som omfattar alternativ organisering og alternative metodar. Vi meiner denne differensieringa bør ligge innanfor skulen si plikt til å drive tilpassa opplæring, men at det gjennom lovverk og forskrifter må leggjast tilrette for å kunne drive reell differensiering og alternative tiltak. I denne samanheng støtter vi også dei utvalsmedlemmene som saknar ei grundigare drøfting av omgrepet Inkludering og dei praktiske implikasjonane dette omgrepet kan og bør ha for den einskilde elev.

Om departementet ikkje vil endre innslagspunktet for spesialundervisning i tråd med vårt forslag, vil vi tilrå at ein framleis krev sakkunnig vurdering i alle tilfelle der eleven skal ha spesialundervisning.

Avsnitt 16.2.2 Kompetansebehov i PP-tenesta på kort sikt (s 181)

Nasjonalt utviklingssenter for PP-tenesta

Fjell kommune støtter forslaget om å etablere eit nasjonalt utviklingssenter for PP-tenesta.

Kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta

Fjell kommune støtter forslaget om å etablere eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta og tenesta sine samarbeidspartnarar, men Fjell kommune vil oppmode til at eit slikt program vert organisert gjennom FoU-midlar, og gjerne knytt til det kompetanseutviklingsprogrammet for barnehagar og skular som er tilrådd i kapittel 18.4 (s. 203), der PP-tenesta er tiltenkt hovudansvaret. FoU-midlane bør forvaltast av eit nasjonalt organ, og det vil vere naturleg at dette vert styrt av PP-tenesta sitt utviklingssenter.

Avsnitt 16.3 Omorganisering av Statped (s182)

Fjell kommune støtter dei endringane som utvalet legg fram når det gjeld Statped. Forslaga er i tråd med samhandlingsreforma innan helsevesenet, der ein legg opp til tydeleg ansvarsdeling mellom kommunar og spesialisthelsetenestene. Fjell kommune vil peike på at samhandlinga mellom ulike spesialistnivå er ei utfordring og at nærleik og samarbeid også må gjelde støttesystema utanfor kommunen, slik vi jobbar med å utvikle dei i kommunane.

Avsnitt 17.3.2 Tilvisingsrett til spesialisthelsetenester (s194)

Utvalet foreslår at PP-tenesta får sjølvstendig rett til tilvising til barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) og barnehabiliteringstenesta (HABU). Fjell kommune støtter tilrådinga.

Med helsing

Fjell kommune
Ellen Margrethe Hansen
Skulesjef